

# Møteprotokoll

**Utval:** Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord  
**Møtestad:** Førde Rådhus  
**Dato:** 04.12.2013  
**Tidspunkt:** 13:00

**Følgjande faste medlemmar møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	Leder	
Ola Tarjei Kroken	Nestleder	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Jorunn Eide Kirketeig	Medlem	

**Følgjande medlemmar meldte forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Iris Loftheim	MEDL	

**Følgjande varamedlemmar møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Olve Grotle	Iris Loftheim	

**Merknadar**

Olve Grotle var med på møtet til og med sak 35/13

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturopsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 31/13	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 32/13	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
RS 3/13	Orienteringssaker		
ST 33/13	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Ekstratildeling av tiltaksmidlar til florakartlegging		2013/137
ST 34/13	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Utsett sak -søknad om tiltaksmidlar til Dalevegen i Årdal, Jølster		
ST 35/13	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om bygging av veg til Berdalselva i Traudalen - Saksutgreiing		2013/4999
ST 36/13	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Tiltaksmidlar 2013		2013/1385
ST 37/13	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Bestillingsdialog 2014		2011/2171
ST 38/13	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Møteplan for 2014		
ST 39/13	Eventuelt		

## **ST 31/13 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Framlegg til vedtak:**

Styret godkjenner innakaling og sakliste

**Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde -  
04.12.2013**

### **Vedtak**

Styret fatta vedtak i tråd med framlegget

## **ST 32/13 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

### **Framlegg til vedtak:**

Styret godkjenner og signerer protokoll frå førre møte

**Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde -  
04.12.2013**

### **Vedtak**

Styret fatta vedtak i tråd med framlegget

## RS 3/13 Orienteringssaker

### ST 33/13 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Ekstratildeling av tiltaksmidlar til florakartlegging

**NAUSTDAL-GJENGEDAL  
VERNEOMRÅDESTYRE**

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2013/137-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 26.11.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	33/13	04.12.2013

### Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Ekstratildeling av tiltaksmidlar til florakartlegging

#### Bakgrunn

Svein Hjelmeset søkte i vinter om 20.000 kr til kartlegging av flora i Fagredalen i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Han meinte det var manglar i kartlegging og kunnskap om særleg førekomst av kalkkrevjande plantar i Fagredalen og andre stader i verneområdet. Verneområdestyret løyvde 12.000 kr til dette arbeidet.

I løpet av sommaren har Hjelmeset gjort ein god jobb med kartlegging og skildring av kalkkrevjande flora og andre naturverdiar i Fagredalen. Han har levert ein fyldig og god rapport til verneområdeforvaltninga.

Når arbeidet var ferdig hadde det ført med seg meir arbeid enn det var dekning for med dei 12.000 som i utgangspunktet vart løyvd til arbeidet. Det ekstra arbeidet har ein meirkostnad på 5.100 kr. Hjelmeset har spurt verneområdeforvaltaren om det er råd å få dekka dette ekstraarbeidet.

Slik verneområdeforvaltaren vurderer det, er det her gjort eit veldig godt stykke arbeid. Tanken med å ikkje løyve heile den omsøkte summen i første omgang, var å sjå an litt kor omfattande arbeidet vart. Dette er og ein type oppdrag som er viktig og nyttig bruk av midlar for forvaltninga.

**Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre tildeler 5.100 kr i ekstraløyving til kartlegging av flora i verneområdet.

**Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde -  
04.12.2013**

**Vedtak**

Styret fatta vedtak i tråd med framlegget

## **ST 34/13 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Utsett sak -søknad om tiltaksmidlar til Dalevegen i Årdal, Jølster**

### **Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - 04.12.2013**

#### **Dokument i saka:**

- Søknad om tiltaksmidlar til reperasjon av Dalevegen
- Bilete
- Saksutgreiing til møte 3/13

#### **Bakgrunn**

Dalevegen i Årdal, Jølster har tidlegare i år søkt om tiltaksmidlar til reperasjon av vegen. Ei bru og delar av vegen vart teke av ras i mai i år. I tillegg vart elvelaupet fylt opp av masse. Sjølve reperasjonsarbeidet er gjennomført, og vegstyret har søkt om tiltaksmidlar for å vere med å betale for dette.

Verneområdestyret hadde saka oppe på styremøte den 10. oktober, men valde då å utsetje saka då dei ville ha litt meir informasjon. Hovudsakleg om det var søkt om naturskadeerstatning og eit eventuelt utfall av den søknaden. I tillegg var det spørsmål kring dei vurderingane som vart gjort då bruva vart bygd opp att.

Verneområdeforvaltaren har vore i kontakt med lensmannen i Jølster Knut Skurtveit, leiar i vegstyret Toralf Årdal, og grunneigar Ole B. Årdal for å få meir informasjon om dette.

Det er bygd ny bru over elva der den gamle bruva stod. Sjølve bruva kosta 59.000 kr (kostnadsoverslaget som var vedlagt søknaden). I tillegg er det gjort ein del arbeid i elvelaupet og på vegen. Den nye bruva er bygd lågare og sterkare enn den gamle bruva. Tanken bak den endringa er at eventuelle framtidige ras skal gå over bruva og at den skal tåle denne belastninga. Elveløpet er og endra for å få til dette.

Det er søkt om naturskadeerstatning for øydeleggingane som raset gjorde. Lensmannen i Jølster har vore på synfaring. Taksten på skadane er på i overkant av 200.000 kr, og det er no avgjort at det vert utbetalt knappe 150.000 i erstatning. Eigenandelen til grunneigarar og vegstyre er altså på litt over 50.000 kr.

Ålmenta har tilgang til vegen mot betaling av bompengar, og det har vore brukt ein del statlege midlar til tilrettelegging av innfallsporten, både til parkeringsplass og utbetring av sti.

#### **Handsaming i møte**

Verneområdestyret på avgjere om styret skal bidra av sine tiltaksmidlar og eventuelt kor mykje. Det vil i so fall vere naturleg å dekke ein del av vegstyret sin eigenandel i reperasjonsarbeidet.

#### **Vedtak**

Verneområdestyret er positive til reperasjonen av Dalevegen og løysinga med forsterking av bruva slik at den er betre rusta mot ras i framtida.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre støttar dette arbeidet med kr 20.000,-

# **ST 35/13 Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om bygging av veg til Berdalselva i Traudalen - Saksutgreiing**

**NAUSTDAL-GJENGEDAL  
VERNEOMRÅDESTYRE**

**Saksfremlegg**

Arkivsaksnr: 2013/4999-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 26.11.2013

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	35/13	04.12.2013

## **Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om bygging av veg til Berdalselva i Traudalen - Saksutgreiing**

### **Dokument i saka:**

- Søknad om bygging av veg til Berdalselva i Traudalen – Rygg og Grov Sameige
- Kart over vegtrase
- Brev frå Gloppen kommune av 30.jan -98

### **Søknaden**

Rygg og Grov Sameige søker om å få bygge skogsveg frå Leite til Berdalselva i Traudalen. Dei søkte om å få bygge denne vegen i 1998. Saka vart då lagt på vent av Gloppen kommune grunna verneprosessen som var i gang i Naustdal-Gjengedalområdet. Rygg og Grov Sameige søker derfor på nytt no.

Sameiga søker om å bygge ein om lag 1850 meter lang skogsveg i klasse 7. Målet med vegbygginga er å få tatt ut skog som står i lia på nordsida av Traudalsvatnet, hovudsakleg bjørk, samt anna nytte som grunneigarane vil ha av vegen knytt mot jakt og beitebruk. Vegen skal leggast opp i lia, 50 – 100 høgdemeter over Traudalsvatnet.

## **Verneforskrift og regelverk**

Området der det er søkt om å bygge veg er verna som landskapsvernområde etter naturvernlova. Seinare har naturmangfaldlova erstatta naturvernlova, og her finn vi generelle reglar for landskapsvernområde i § 36:

*[...]I et landskapsvernområde må det ikke settes i verk tiltak som alene eller sammen med andre tiltak kan endre det vernede landskapets sær preg eller karakter vesentlig. Pågående virksomhet kan fortsette og utvikles innenfor rammen av første punktum. Nye tiltak skal tilpasses landskapet. Det skal legges vekt på den samlede virkning av tiltakene i området. I forskriften kan det gis bestemmelser om hva som alene eller sammen med andre tiltak kan endre landskapets sær preg eller karakter vesentlig, om krav til landskapsmessig tilpassing, og om ferdsel som ikke skjer til fots.[...]*

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde har og ei eiga verneforskrift. I følgje den er inngrep som vegbygging i utgangspunktet forbode, men der er likevel nemnd nokre unntak der forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bygging av veg i verneområdet. Denne konkrete vegen det er søkt om er ein av desse vegane:

*Verneforskrifta § 3:*

1.3. *Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:*

[...]

j) *Bygging av ein enkel traktorveg frå Osen og innover mot Berdalselva i Traudalen.*

Verneområdestyret har altso heimel i forskrifta til å gje løyve til å bygge ein enkel traktorveg på denne strekninga. Merk at det i forskrifta står at styret *kan* gje løyve, og at det ikkje er nokon automatikk i at søknaden skal få medhald, sjølv om vegen er omtala i verneforskrifta.

Grunneigarane har søkt om å bygge skogveg i vegklasse 7, som i «Normaler for landbruksveier» heiter *traktorveg*. I verneforskrifta er det opne for å gje løyve til bygging av *enkel traktorveg* som i følgje dei same normalane er definisjonen på vegklasse 8. Verneområdestyret har derfor ikkje heimel til å gje løyve til å bygge skogsveg klasse 7.

## **Vurdering**

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er verna for å ta vare på eit vakkert og variert landskap som er tilnærma fritt for tunge inngrep. Det er derfor i utgangspunktet ikkje ønskeleg med inngrep i landskapet som til dømes vegbygging. Likevel er det slik at det på visse vilkår kan gjevast løyve til å bygge veg i landskapsvernområdet, dersom der er juridisk grunnlag for å gje løyve.

Føremålet med å bygge vegen er å knytt til næringsverksemd. Med denne vegen kan ein få tatt ut skog til ved og tømmer som ein kanskje elles ikkje kan ta ut, eller uttransport av virket vert i alle fall ein del enklare enn om ein ikkje har veg. Vernestatusen er i utgangspunktet ikkje til hinder for næringsverksemd so lenge verksemda ikkje går nemneverdig ut over verneverdiene eller andre viktige naturverdiar.

Det er ikkje registrert natur- eller kulturverdiar i eller i nærleiken av den omsøkte vegtraseen. Men vegen vil gå inn i inngrepsfri natur (INON), både i *buffersone* (< 1 km frå teknisk inngrep) og *inngrepsfri sone 2* (1-3 km frå teknisk inngrep). Ved Styggevatna er det eit lite område på om lag 0,05 km<sup>2</sup> med *villmarksprega natur* (>5 km frå teknisk inngrep). Dette området vil forsvinne heilt dersom den omsøkte vegen blir bygd. I tillegg vil det falle bort 4,82 km<sup>2</sup> med *inngrepsfri sone 1* (3-5 km frå teknisk inngrep). Dette tapet av inngrepsfrie områder og særleg tapet av villmarksprega område, er uehdig for verneområdet og verneverdiane. Opplysningar om INON er henta frå Fylkesatlas, og frå Gloppen kommune.

Når ein skal vurdere denne søknaden, er det veldig sentralt å vurdere nytten av vegen sett opp mot kostnaden. Dersom ein skal gje løyve til å bygge ein veg i eit verna område, bør det vere ein lønsam veg, altså at nytten av å få ein veg på plass her er større enn kostnaden ved å bygge vegen. Dette er eit prinsipp ved all vegbygging, og i eit verna område må ein setje endå strengare krav til lønsemd.

Det er stor usikkerheit kring både kostnad og nytte av slike prosjekt. Anslag på kostnad har variert ein del, frå 300 kr per meter ferdig veg til 1.500 kr. Gloppen kommune har i si saksutgreiing teke utgangspunkt i ein kostnad på 700 kr per meter, sjølv om det truleg er noko optimistisk. Totalkostnaden på vegen vert då 1.295.000 kr. Nytteverdien av vegen er det endå større usikkerhet kring, men man kan sette opp ei omtrentleg kalkyle som vil gje ein peikepinn. I søknad og saksutgreiing frå 1998 vart dekningsområdet av vegen anslått til å vere om lag 570 dekar. Det vil i praksis bety at man i gjennomsnitt må rekke om lag 150 meter ut til kvar side frå vegen, og det må seiast å virke realistisk. Vidare kan vi ta utgangspunkt i at det står 7 m<sup>3</sup> med bjørk per dekar. Det vert då 3990 m<sup>3</sup> med bjørkeved som vegen kan løyse ut. Dersom vi set nettoverdien av bjørkeveden til 150 kr per m<sup>3</sup> (som er ein vanleg rotnetto for gran og dermed truleg noko høgt for bjørk) får vi ein nytteverdi på 598.500 kr. Nytteverdien er altså ein del lågare enn kostnaden i denne kalkylen, og vegen er derfor ikkje lønsam. Sjølv om ein legg inn 20 % bruksverdi for beitebruk og legg inn maksimalt tilskot på 40 %, so er fortsatt ikkje prosjektet lønsamt for grunneigarane. Tala som er lagt til grunn her er basert på samtalar med Fylkesskogmeister Torkel Hofseth, Sogn og Fjordane Skogeigarlag, grunneigarane og Gloppen kommune.

Grunneigarane har nemnt nytteverdi i samband med hjortejakt og auka pris ved jaktutleige som ein del av føremålet med bygging av vegen. Slik som verneområdeforvaltaren vurderer det, kan ein ikkje forvente at denne vegen vil gje nokon nemneverdig høgare pris for hjortejakt. Det er heller ikkje opning i verneforskrifta for barmarksøyring i samband med hjortejakt.

Dersom eit tiltak har nytte for ålmenta og ålmenta sin bruk av verneområdet, kan det vere med å vege positivt for bygging av vegen i vurderinga. Det er ei populær og mykje brukt turløype og gå rundt Traudalsvatnet. Men då er det vanleg å bruke stien som går nede ved vatnet, og det er lite truleg eller i beste fall usikkert om traktorvegen vil få nokon nemneverdig betydning som turveg.

Etter verneområdeforvaltaren sitt syn, er det verken juridisk eller fagleg grunnlag til å gje løyve til å bygge skogsvegen slik det er søkt om. Det er ikkje heimel i verneforskrifta for landskapsvernombordet til å gje løyve til å bygge skogsveg i vegklasse 7 (traktorveg), då verneforskrifta avgrensar heimelsgrunnlaget til vegklasse 8 (enkel traktorveg). Bygging av ein slik skogsveg er i strid med verneføremålet, og forvaltningsstyresmakta kan derfor heller ikkje gje løyve til skogsvegen etter naturmangfaldlova § 48. Når kost/nytte –kalkyla for skogsvegen i tillegg syner at skogsvegen ikkje er lønsam å bygge med dei opplysingane og føresetnadane som er lagt til grunn, so er det heller ikkje fagleg grunnlag til å gje løyve til bygging av vegen slik den er søkt om.

Verneforskrifta opnar for å kunne bygge veg i dette området, men berre for skogsveg i vegklasse 8. Og det må då, slik verneområdeforvaltaren ser det, kunne presenterast ei realistisk og lønsam kost/nytte –kalkyle for vegprosjektet.

#### **Vurdering av miljøprinsippa i naturmangfaldlova**

Kunnskap om natur- og miljøverdiar er henta frå Naturbase, Artsdatabanken og Fylkesatlas. I tillegg kjem dei vurderingar som er gjort i verneprosessen og som er omtala i kongeleg resolusjon. Kunnskapsgrunnlaget må seiast å vere solid. Føre-var-prinsippet er ikkje aktuelt her.

Dette er ein av berre to vegar som det er opna for å bygge med heimel i verneforskrifta. Det er derfor ikkje fare for at denne saka skal skape nokon presedens som kan gå ut over verneverdiene seinare. Samla belastning av eksisterande aktivitet i dette området er låg. Den einaste motorferdsel som er aktuell her er køyring til nausta på eksisterande veg (som har fått løyve tidlegare), eventuell køyring på snødekt mark i samband med hogst (ingen løyver per i dag) og Røde kors si kjentmannskøyring (tidlegare år har det vore gjeve løyve til to turar per år innover Traudalen).

Det er ikkje aktuelt med nokon alternativ plassering av vegen, men av omsyn til terrenget og landskapet bør det ved bygging av veg i eit verneområde byggast ein so enkel veg som muleg med bruk av stadeigne masser og minst muleg synlege inngrep i terrenget og landskapset.

#### **Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre avslår søknaden om å bygge skogsveg klasse 7 inn til Berdalselva i Traudalen.

### **Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - 04.12.2013**

#### **Vedtak**

Styret fatta vedtak i tråd med framlegget frå forvaltaren og avslo søknaden.

## **ST 36/13 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Tiltaksmidlar 2013**

**NAUSTDAL-GJENGEDAL  
VERNEOMRÅDESTYRE**

**Saksfremlegg**

Arkivsaksnr: 2013/1385-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 27.11.2013

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	36/13	04.12.2013

## **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Tiltaksmidlar 2013**

### **Bakgrunn**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har for 2013 fått tildelt 100.000 kr i tiltaksmidlar.

Styret står ganske fritt til å avgjere kva dei vil bruke tiltaksmidlar på, men her er nokre føringar.

Midlane er statlege investeringsmidlar, og kan ikkje gjevast som tilskot. Dei kan ikkje brukast på ein måte som er i strid med verneføremål eller til skade for verneverdiar og naturverdiar. Det vert oppmoda om at midlane vert brukt til styrking av verneverdiane.

Grunneigarar, organisasjonar og andre kan søke styret om tiltaksmidlar til konkrete prosjekt.

Før dette møtet står det framleis att vel 60.000 av tiltaksmidlane for 2013. Ubrukte midlar ved årsskiftet vert trekt inn att til Miljødirektoratet.

### **Handsaming i møtet**

Verneområdestyret bør diskutere om resten av midlane skal nyttast og i so fall til kva.

### **Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - 04.12.2013**

### **Vedtak**

Verneområdestyret vedtok å fordele dei resterande tiltaksmidlane for 2013 på følgjande måte:

Prosjektering av hengebru over Nausta – kr 10.000

Uttak av gran i verneområdet – kr 30.000

## **ST 37/13 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Bestillingsdialog 2014**

**NAUSTDAL-GJENGEDAL  
VERNEOMRÅDESTYRE**

**Saksfremlegg**

Arkivsaksnr: 2011/2171-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 26.11.2013

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	37/13	04.12.2013

## **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Bestillingsdialog 2014**

Verneområdeforvaltaren legg fram dette forslaget til tiltaksliste for bestillingsdialogen 2014:

Prioritet	Tiltak	Samarbeids-partner	Ansvar	Kostnad
	<u>Buføringsveg i Traudalen</u> Utbetre stien som går fra Osen til Dalsbøen i Traudalen, slik at grunneigar kan oppretthalde beite med storfe i kulturlandskapet inne i Traudalen.	Grunneigar, SNO  SNO ansvarleg for gjennomføring	Områdestyre	400.000
	<u>Skjøtselsplan Nesstølen (Naustdal)</u> Lage og gjennomføre skjøtselsplan for Nesstølen. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjerde inn stølskvia med gamle gjerdeteknikkar</li> <li>- Drive årleg slått av slåttemarka rundt stølen</li> <li>- Fjerne gran som står rundt stølen</li> <li>- Bord og benkar for ålmenta</li> <li>- Utbetre stien inn til stølen</li> </ul>	Grunneigar, SNO, Sunnfjord folkemuseum	Områdestyre	60.000
	<u>Parkeringsplass Ryssdal</u> Bygge parkeringsplass for turfolk ved lunneplass for å unngå konflikt med næringsverksemd	Grunneigar, tjenestekjøp	Områdestyre	65.000
	<u>Bruer ved Botnavatnet</u> Grunneigarane i Angedalen har meldt inn behov for to bruer på «rundturen» rundt Botnavatnet	Grunneigarar	Områdestyre	15.000
	<u>Sti Gjengedalsstøylen – Byrkjeneset</u> Jobbe vidare med denne stien	Grunneigarar, tjenestekjøp	Områdestyre	100.000
	<u>Skjøtsel Arnestadstøylen</u> Slått på Arnestadstøylen	Grunneigarar, SNO	Områdestyre	10.000
	<b>sum</b>			<b>650.000</b>

**Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde -  
04.12.2013**

**Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtok følgjande bestilling for bestillingsdialogen 2014:

Prioritet	Tiltak	Samarbeids-partner	Ansvar	Kostnad
1	<u>Skjøtselsplan Nesstølen (Naustdal)</u> Lage og gjennomføre skjøtselsplan for Nesstølen. - Gjerde inn stølsvia med gamle gjerdeteknikkar - Drive årleg slått av slåttemarka rundt stølen - Fjerne gran som står rundt stølen - Bord og benkar for ålmenta - Utbetre stien inn til stølen	Grunneigar, SNO, Sunnfjord folkemuseum	Områdestyre	60.000
2	<u>Buføringsveg i Traudalen</u> Utbetre stien som går frå Osen til Dalsbøen i Traudalen, slik at grunneigar kan oppretthalde beite med storfe i kulturlandskapet inne i Traudalen.	Grunneigar, SNO SNO ansvarleg for gjennomføring	Områdestyre	400.000
3	<u>Bruer ved Botnavatnet</u> Grunneigarane i Angedalen har meldt inn behov for to bruer på «rundturen» rundt Botnavatnet	Grunneigarar	Områdestyre	15.000
4	<u>Skjøtsel Arnestadstøylen</u> Slått på Arnestadstøylen	Grunneigarar, SNO	Områdestyre	10.000
5	<u>Sti Gjengedalsstøylen – Byrkjeneset</u> Jobbe vidare med denne stien	Grunneigarar, tjenestekjøp	Områdestyre	100.000
6	<u>Parkeringsplass Ryssdal</u> Bygge parkeringsplass for turfolk ved lunneplass for å unngå konflikt med næringsverksemd	Grunneigar, tjenestekjøp	Områdestyre	65.000
7	<u>Skjøtsel Framande artar</u> Uttak av gran i verneområdet	SNO, tjenestekjøp	Områdestyre	10.000
	<b>sum</b>			<b>750.000</b>

## **ST 38/13 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Møteplan for 2014**

Verneområdestyret har hatt 4 styremøter i 2013.

Styret bør ta stilling til kor mange møter ein skal ha i 2014, og om lag kor tid ein skal ha møta.

Styret bør og diskutere om ein skal legge opp til ein felles tur, samling eller liknande.

## **Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 04.12.2013**

### **Vedtak**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre skal ha 4 fysiske styremøter i 2014.  
Det eine møtet skal vere i samband med ein tur eller ei synfaring.

## **ST 39/13 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde - 04.12.2013**

#### Sak under Eventuelt frå Oddmund Klakegg:

Nasjonalgarkstyra i Jostedalsbreen, Breheimen og Jotunheimen har sendt brev til stortingsbenken frå Sogn og Fjordane og Oppland der dei oppmodar stortingspolitikarane om å jobbe i mot reduksjonen i midlane til tiltak i verna områder, men heller oppretthalde løyvingane på dagens nivå.

Oddmund Klakegg kom med framlegg om at Naustdal-Gjengedal verneområdestyre skal sende brev til stortingsbenken der styret støttar opp om brevet frå Jostedalsbreen, Breheimen og Jotunheimen nasjonalparkstyre.

#### **Vedtak**

Naustdal-gjengedal verneområdestyre sender brev til stortingsbenken der styret støttar opp om brevet frå Jostedalsbreen, Breheimen og Jotunheimen nasjonalparkstyre.